

**Protokollar**

**2021**

**Styre og**

**Rep. skap for**

**VØR**



## MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR Tysdag 26.04.22.

Møtet tok til kl. 16.00. Møtet slutta kl.17.30.

Desse møtte:

Jan Henning Egset, Eldar Engelund, Ingebjørg Osdal, Toril Hasfjord Bjørneset, Ingvill Aasen, Kristin Riise og Pauline Vartdal Vinjevoll.

Olav Hope melde forfall. Børge Bornstein vart kalla inn som vara, men kunne ikkje møte.

På vegne av styret møtte leiar Anne Ellingsen. Dagleg leiar Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen og førte møteboka.

Leiar Jan Henning Egset leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Ingvill Aasen og Toril Hasfjord Bjørneset vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste, som omfatta sakene 01-22 til og med 08-21.

### **Rep.sak: 01-22. Dagleg leiar sin rapport**

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Rep.sak: 02-22. Resultat mot budsjett 2021.**

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tar saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Rep.sak: 03-22. Godkjenning av melding vedkomande måloppnåing for 2021.**

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet godkjenner melding vedkomande måloppnåing for 2021 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Repsak: 04-22. Årsrapport styring og leiing**

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tek sak vedkomande Årsrapport styring og leiing, til vitande.

Handsaminga:



Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

**Repsak: 05-22. Godkjenning av årsmelding og rekneskap for 2021.**

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet godkjenner årsmelding og rekneskap for 2021 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

**Repsak: 06-22. Val**

Vedtak 7 røysteføre:

1. Representantskapet vel slikt styre med vara for perioden 2020-2022:

A. a) Medlemar frå Ørsta:

Anne Ellingsen  
John Helge Bjørndal

b) Medlemar frå Volda:

Hallvard Bjørneset  
Henriette Hafsaas

c) Vara frå Ørsta

1 vara: Gina Bjørdal  
2 vara: Bjørnar Hovland

d) Vara frå Volda:

1 vara: Sissel Anita Øyen Hareide  
2 vara: Kjell Tore Aarstad

B. Styreleiar: Hallvard Bjørneset

Nestleiar: Anne Ellingsen

2. Representantskapet vel Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS som sin revisor for 2022.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå valnemnda.

**Rep.sak: 07-22. Fastsetting av styrehonorar.**

Vedtak 7 røysteføre:

Leiar i styret skal ha møte og leiar godtgjersle på til saman 5 % av ordførar i Ørsta sin godtgjersle.

Medlem av styret skal ha møtgodtgjersle på 3 % av ordførar i Ørsta si godtgjersle.

Varamedlem til styret får ei godtgjersle på kr 1200,- pr møte.

Ved fråvær på 25 % eller meir, vert godtgjersla for faste medlemar redusert tilsvarande.

Godtgjerslene skal utbetalast i desember kvar år.

Revisor får sitt vederlag oppgjort etter rekning.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Rep.sak: 08-22. Referatsaker**

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tar referatsakene til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Disse sakene vart refererte:

Etablering av reparasjons -og gjenbrukssentral. Brev 10.02.22 til Ørsta og Volda Kommune.


Renovasjonsavgifta gjelder også for utleiehytter, jfr.lagmannsretten 15.02.2022

EU sin mobilitetspakke- konsekvensar. Brev frå Geminor av 18.02.2022 og mail av 11.03.22.


Invitasjon til medverknad til fylkesstrategi for miljø, klima og energi.

Styrehandsaming av saker vedkomande nytt slagord for VØR- særutskrift frå styrehandsaming 29 mars 2022

Hovdebygda 26.04.22

  
Jan Henning Egset  
Leiar

  
Petter Bjørdal

  
Ingvill Aasen

  
Toril Hasfjord Bjørneset

Referent

## MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR Tirsdag 28.09.21 på VØR.

Møtet tok til kl. 15.30. Møtet slutta kl.17.30

Desse møtte:

Jan Henning Egset, Ingvild Aasen, Toril Hasfjord Bjørneset, Ingebjørg Osdal og Eldar Engelund.

Pauline Vartdal Vinjevoll og Kristin Riise melde lovleg forfall før møtet.. Einar Holsvik var kalla inn for Pauline Vartdal Vinjevoll, men hadde ikkje høve til å møte. Dalana-Michelle Storebø var kalla inn for Kristin Riise, men saman med Olav Hope møtte ho ikkje.

På vegne av styret møtte leiar Anne Ellingsen.

Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen og førte møteboka.

Leiar Jan Henning Egset leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Eldar Engelund og Ingvild Aasen vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste, som omfatta sakene 10-21 til og med 15-21.

### **Rep.sak: 10-21. Dagleg leiar sin rapport**

Vedtak 5 røysteføre:

Representantskapet tar dagleg leiar sin rapport til orientering

*Handsaminga*

Samrøystes vedteke. Presentasjonen omfatta presentasjon av rapport ettersorteringsanlegg restavfall i Ålesund, RIR sitt ettersorteringsanlegg og føresetnadene for budsjettet 2022 i tillegg til DL sin rapport om VØR sin drift. Mengder hiå, covid, kommunikasjon, FA aksjonar på bygdene, slamtømming, status månadsfakturering, ISO-9001, kvalitet på innsamla avfall, off. anskaffelsar, status tilsyn, biogass, status Melsgjerdet, endringar i VØR sin organisasjon.

### **Rep.sak: 11-21 Differensiering av renovasjonsgebyr – vegen vidare.**

Vedtak 5 røysteføre

1. Representantskapet har evaluert og vurdert ordninga med differensierte gebyr på grunnlag av vedtak i Volda og Ørsta Kommunestyre.
2. Representantskapet vil vise til at VØR oppnår betre dei nasjonale måla om høg materialgjenvinning enn selskap med annleis innretning på differensieringa. Representantskapet rår difor frå å gjere vesentlege endringar no.
3. Representantskapet ber om at det vert innført ein ny kategori i renovasjonsforskriftene ved neste revisjon; Småhushaldsgebyr med 80 l behaldar for restavfall

*Handsaminga*

Samrøystes vedteke i tråd med tilråding frå styret.

### **Rep.Sak: 12-21. Strategiplan 2022-2025.**

Vedtak 5 røysteføre:

Representantskapet godkjenner Strategi- og kommunikasjonsplan 2022-2025, med handlingsplan for perioden.

*Handsaminga*

Samrøystes vedteke.

### **Repsak 13-21            Økonomiplan 2022-25.**

Vedtak 5 røysteføre:

Representantskapet vedtek slik økonomiplan for perioden 2022 – 2025.

1.

2022:

*Bygg og faste installasjonar*

Kr 25,0 mill. til full finansiering av omlastehallar for mat-, rest-, glas og metall- og papiravfall med luktrensing og personalbase, inklusiv mottakspunkt for hytterenovasjon på Melsgjerdet 3.

*Teknisk utstyr*

Kr 5,0 mill. i mindre investeringar som inventar, teknisk utstyr, avfallsbeholdarar, containerar, komprimator, ulikt utstyr for hjullastar, dataprogramvare.

2023:

*Teknisk utstyr*

Kr 0,5 mill. i mindre investeringar som beholdarar, containerar, programvare og liknande.

Kr 1,0 mill. Innføring av kjeldesortering for fritidshus.

Kr 3,1 mill. i innkjøp og montering av Rfid. brikker med leseutstyr i bil.

2024:

*Teknisk utstyr*

Kr 2,0 mill. i mindre investeringar som beholdarar, containerar, programvare og bygningsmessige oppgraderingstiltak.

2025:

*Bygg og faste installasjonar*

Kr 3,0 mill. i planlegging / prosjektering av oppgradering av miljø-gjenbruksstasjonen i Torvmyrane 29, med sist gjeldande brann, sorterings-, og utslepps-krav.

2.

Investering i eventuelt biogassanlegg i planperioden inklusiv innløyning av restareal Melsgjerdet 3 regulert til avfallsanlegg, vert å sjå i samanheng. Det vil om det syner seg aktuelt, få sin finansiering i eiga sak og eige vedtak i eigarkommunane våre.

3.

Fossilfrie varebilar vert å ta i bruk før 2025. Fossilfrie lastebilar basert på biogass vert å ta i bruk ved etablering av evt. biogassanlegg.

*Handsaminga*

Samrøystes vedteke



**Repsak 14-21      Budsjett 2022**

Vedtak 5 røysteføre:

Representantskapet i VØR rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å gjere slikt vedtak:

**1.0** Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1981, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfall- og slamgebyr for 2022.**1.1**

<b>Artikkel</b>	<b>Renovasjon</b>	<b>Eks mva</b>	<b>Inkl.</b>
1/20400	Renov. standard (140L våtorg, 140 L papir, 140 L rest)	Kr 3095,20	Kr 3869,00
1/20402	Renov. storhushald (140L våtorg, 240 L papir, 240 L rest)	Kr 5571,20	Kr 6964,00
1/20403	Renov. m/kompostavtale (140 L rest, 140 L papir)	Kr 2476,00	Kr 3095,00
1/20404	Renov. storhushald ekstra (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest )	Kr 8047,20	Kr 10059,00
1/20406	Renov. samarbeid inntil 2 abonnenter standard, pr. ab. (140L våtorg, 140 L papir, 140 L rest/)	Kr 2785,60	Kr 3482,00
1/20407	Renov. samarbeid 240L/340L/660L, pr. ab. (140L våtorg, 240L/340L/660L papir, 240L/340L/660 L rest)	Kr 2940,80	Kr 3676,00
1/20408	Renov. samarbeid storhushald ekstra, pr. ab. (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)	Kr 4178,40	Kr 5223,00
1/20409	Renovasjon nedgrave felles container	Kr 3095,20	Kr 3869,00
1/20422	Renovasjon nedgrave felles >100 einingar. U tillegg. Heil eining.	Kr 1548,00	Kr 1935,00
1/20410	Renov. standard pluss (140L våtorg, 240 L papir,140 L rest)	Kr 3095,20	Kr 3869,00
1/20412	Renov. storhushald pluss (140L våtorg, 340L papir, 240 L rest)	Kr 5571,20	Kr 6964,00
1/20413	Renov. kompostering pluss (240 L papir,140 L rest)	Kr 2476,00	Kr 3095,00
1/20414	Renov. storhushald ekstra pluss (440 L papir, 340 L rest)	Kr 8047,20	Kr 10059,00
1/20416	Renov. samarbeid inntil 2 abonnenter standard pluss, pr. ab. (140L våtorg, 240 L papir, 140 L rest)	Kr 2785,60	Kr 3482,00
1/20417	Renov. samarbeid 240/340/660 L pluss, pr. ab. (140L våtorg, 240L/340L/660L papir, 240L/340L/660L rest)	Kr 2940,80	Kr 3676,00
1/20421	Renov. samarbeid storhushald ekstra pluss, pr. ab. (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)	Kr 4178,40	Kr 5223,00
1/20436	Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 140 L med frekv. 52 henting restavfall.	Kr 4167,20	Kr 5209,00
1/20437	Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 240 L med frekv. 52 henting restavfall.	Kr 7.658,00	Kr 9.572,50



1/20438	Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 340 L med frekv. 52 henting restavfall.	Kr 11.462,40	Kr 14.328,00
1/20439	Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 660 L med frekv. 52 henting restavfall.	Kr 19.097,60	Kr 23.827,00
1/20420	Renov. Pr. hybel	Kr 1548,00	Kr 1935,00
1/20431	Fritidshus 50 % kategori 1. med levering fellespunkt	Kr 1548,00	Kr 1935,00
1/20432	Fritidshus 30 % kategori 2. med levering fellespunkt	Kr 928,80	Kr 1161,00
1/20433	Fritidshus 10 % kategori 3. med levering fellespunkt	Kr 309,60	Kr 387,00
1/20428	Renov. fritidsbustad med egne behaldarar	Kr 2476,00	Kr 3095,00
1/20440	Ekstra nøkkel-/kort for nedgrave anlegg	Kr 254,40	Kr 318,00
1/20419	Henteavtale.	Kr 506,40	Kr 633,00
1/20430	Ekstra sekk til restavfall	Kr 80,00	Kr 100,00
1/20911	Sakshandsamingsgebyr ved fornya søknad om fritak for gebyr innsendt etter utløpet av fritaksperioden, når faktura er utsendt.	Kr 636,80	Kr 796,00
1/20912	Sorteringsgebyr ved omklassifisering av avfall til restavfall, pr. 100 L sekk.	Kr 180,00	Kr 225,00
1/20913	Etablering av nytt abonnement / restart av abonnement etter fritak inkl. klargjering og utkøyring av behaldarsett og sekkar.	Kr 944,00	Kr 1180,00
1/20914	Etablering av nytt abonnement / restart av abonnement. Klargjering og merking for henting på VØR.	Kr 344,00	Kr 430,00
1/20915	Bytte av behaldarar ved endring i abonnement. Pr bytte.	Kr 344,00	Kr 430,00
1/20443	Ekstra tilkøyring etter avtale. For tøming reknast 1/20430 pr. 100 L sekk, uavhengig av fraksjon.	Kr 222,40	Kr 278,00
1/20444	Eigen behaldar for emballasjeplastsekkar pr. 120 L ( frå april 2022)	Kr 256,00	Kr 320,00

1.2. Kommunestyra godkjenner gebyrfinansierte låneopptak knytt til investeringar i 2022 på til saman 30 mill.kr, innafor ramma i selskapsavtalen § 12. 25 mill. kr til bygningsmessige tiltak og 5 mill. kr til utstyr og innreiing.

1.2	Kloakkslam	Eks mva	Inkl
	<b>mva</b>		
1/20460	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Kv.2. år tøming.	Kr 1148,80	Kr 1436,00
1/20463	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Årleg tøming.	Kr 2297,60	Kr 2872,00
1/20464	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Kv. 4. år tøming	Kr 574,40	Kr 718,00
1/20469	Slamavskiljar. Pr. m3 over 4,5 m3	Kr 564,80	Kr 706,00
	<b>Kloakkslam – tett tank</b>		
1/20468	Tøming av tank inntil 6,0 m3.	Kr 2950,40	Kr 3688,00
1/20474	Tøming av tett tank for fritidsbustad utan innlagt vatn	Kr 1475,20	Kr 1844,00
1/20470	Tøming pr. m3 for tankar over 6 m3	Kr 630,40	Kr 788,00
	<b>Kommunale fellestankar</b>		

1/20472	Gebyr pr. m3 for årleg tøming > 4,5 m3	Kr 528,00	Kr 660,00
1/20484	Gebyr pr. m3 for kvar 2 år tøming > 4,5 m3	Kr 264,00	Kr 330,00
	<b>Tillegg til ordinær tømepris</b>		
1/20486	Tilkøyring ved naudtøming	Kr 2108,80	Kr 2636,00
1/20487	Tilkøyring ved ekstratøming	Kr 1461,60	Kr 1827,00
1/20488	Tøming med minislamsugar.	Kr 1461,60	Kr 1827,00
1/20474	Oppdrag etter timepris. Pris pr. time.	Kr 1820,80	Kr 2276,00
1/20491	Tøming og levering til deponi på grunn av framandelement i tanken: Tømepris art.1/20460 pluss køyring art. 1/20474 til og frå deponi.	Kr 14.834,40	Kr 18.543,00
1/20493	Trafikkdirigering dersom tømebil må stå på offentleg veg under tømeprøss.	Etter rekning.	

Tøming av tankar i tråd med renovasjonsforskriftene for Volda og Ørsta Kommunar. Minislamsugar vert nytta der vegtilkomst ikkje tillèt bruk av standardutstyr. Jfr. Ren.forskr.§ 14.d.

Kostnader ved eventuell spyling av tank, tilløp eller avløp vert å gjere opp direkte mellom abonnent og entreprenør.

2. Vedtaket i punkt 1, er gjort under føresetnad av at gebyrsatsane vert vedtekne likt i både Volda og Ørsta kommunestyre.

*Handsaminga*  
Samrøystes vedteke.


**Rep.sak 15-20**      **Referatsaker**


Ingen referatsaker vart lagt fram på møtet.

Hovdebygda 28.09.21

  
Jan Henning Egset  
Leiar

  
Eldar Engelund

  
Ingvild Aasen

  
Petter Bjørdal  
Referent



## MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR Tysdag 27.04.21.

Møtet tok til kl. 16.00. Møtet slutta kl.18.30.

Desse møtte:

Jan Henning Egset, Eldar Engelund, Ingebjørg Osdal, Toril Hasfjord Bjørneset, Aslaug Marit Øyehaug, Kristin Riise og Børge Bornstein.

Olav Hope, Ingvill Aasen og Pauline Vinjevoll melde forfall. Der møtte Børge Bornstein som vara for Olav Hope. Og Aslaug Marit Øyehaug som vara for Ingvill Aasen.

På vegne av styret møtte leiar Anne Ellingsen. Dagleg leiar Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen og førte møteboka. Kommunikasjonsansvarleg Ina Osdal Saure presenterte administrasjonen sin vurdering av eiga innsamling av plastemballasje frå hushaldningane.

Leiar Jan Henning Egset leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Aslaug Marit Øyehaug og Toril Hasfjord Bjørneset vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste, som omfatta sakene 01-21 til og med 09-21.

### **Rep.sak: 01-21. Dagleg leiar sin rapport**

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

To presentasjonar vart lagt fram. Administrasjonen sin vurdering av eiga innsamling av plastemballasje frå hushaldningane, og dagleg leiar sin rapport pr 27 april 2021.

### **Rep.sak: 02-21. Resultat mot budsjett 2020.**

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tar saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Rep.sak: 03-21. Godkjenning av melding vedkomande måloppnåing for 2020.**

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet godkjenner melding vedkomande måloppnåing for 2020 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Repsak: 04-21. Årsmelding 2020**

Vedtak 7 røysteføre:  
Representantskapet godkjenner årsmelding for 2020 slik den ligg føre.

Handsaminga:  
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Repsak: 05-21. Godkjenning av årsrekneskap 2020**

Vedtak 7 røysteføre:  
Representantskapet godkjenner rekneskapen for 2020 slik den ligg føre.

Handsaminga:  
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Repsak: 06-21. Årsrapport styring og leing**

Vedtak 7 røysteføre:  
Representantskapet tek sak vedkomande Årsrapport styring og leing, til vitande.

Handsaminga:  
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Rep.sak: 07-21. Val av revisor.**

Vedtak 7 røysteføre:  
Representantskapet vel Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS som sin revisor for 2021.  
Honoraret vert oppgjort etter rekning.

Handsaminga:  
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Rep.sak: 08-21 Fastsetting av styrehonorar.**

Vedtak 7 røysteføre:  
Leiar i styret skal ha møte og leiar godtgjersle på til saman 5 % av ordførar i Ørsta sin godtgjersle.  
Medlem av styret skal ha møtgodtgjersle på 3 % av ordførar i Ørsta si godtgjersle.  
Varamedlem til styret får ei godtgjersle på kr 1.200,- pr møte.  
Ved fråvær på 25 % eller meir, vert godtgjersla for faste medlemmar redusert tilsvarande.  
Godtgjerslene skal utbetalast i desember kvar år.

Handsaminga:  
Jan Henning Egset foreslo at vara skal ha godtgjersle kr 1200,- pr møte.  
Samrøystes vedteke.

### **Rep.sak: 09-21. Referatsaker**

Vedtak 7 røysteføre:  
Representantskapet tar referatsakene til orientering

Handsaminga:


Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

- Brev frå Ørsta Kommune 28.01.2021. Registrering som særskilt brannobjekt
- Felles brannøving med ØBR 03.03.2021
- Samarbeidsavtale om innkjøp
- Melding om vedtak i Volda Kommunestyre 24.03.2021: Godtgjersle til Volda kommune sine eigarrepresentantar i interkommunale selskap. ( lagt fram på møtet)


Hovdebygda 27.04.21

  
Jan Henning Egset

  
Aslaug Marit Øyehaug

  
Toril Hasfjord Bjørneset

Leiar

  
Petter Bjørdal  
Referent



# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 02.02.21 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 14.00.

Møtet slutt kl. 18.15.

Desse møtte:

Anne Ellingsen

Hallvard Bjørneset

Henriette Hafsaas

Gina Bjørdal

Ove Myklebust

Jon Helge Bjørndal melde avbod, og for han møte Gina Bjørdal.

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i rep.skapen. Han gjekk etter sak 04-21.

Dagleg leiar Petter Bjørdal førte møteboka.

Anne Ellingsen leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 1 til og med 11-21 og med dokument framlagt til møtet.

Dagleg leiar Øystein Solevåg møtte og orienterte i sak 01 -21 om handlingsromet som er i samband med organisering av felles eigde selskap av kommunar og interkommunale selskap.

Kommunikasjonsansvarleg møtte og orienterte i sak 03, 04 og 06 -21.

### **Sakliste:**

#### **Sak 01-21. Dagleg leiar sin rapport.**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Dagleg leiar orienterte om Personalsituasjonen, Kommunikasjonsarbeid, ISO 9001, Off.

innkjøp, Nytt frå tilsynsmynde / EU, Nytt frå SSR, Melsgjerdet, Biogass, møte med NOMIL,

Ureining i papiret – eit aukande problem, ureining i glas og metall emballasje, orientering

økonomisk resultat 2020.

#### **Sak 02-21 Godkjenning av avtalar mellom RSS og VØR.**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret godkjenner avtalane 1 – 13 mellom RSS og VØR for 2020, slik dei ligg føre. Avtale nr. 6 vert lagt fram på neste møte.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

**Sak 03-21 Arbeidsgjennomgang første utkast Årsmelding 2020. Utsett off.§ 14.1 ledd.**

Saka var diskutert.

Handsaminga:

Styret gjekk igjennom utkastet til årsmelding, og kom med innspel.

**Sak 04-21 Melding vedk. måloppnåing 2020. Utsett off.§ 14.1 ledd..**

Saka var diskutert.

Handsaminga:

Styret gjekk igjennom utkastet til melding til kommunane vedkomande måloppnåing for 2020, og kom med innspel

**Sak 05-21: Deltaking i renovasjonsbenchmarking (RBM 20210)**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret vedtek å delta i RBM 2021. Dekning kto 6790.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

**Sak 06-21 Byte av matavfallsposar av plast med matavfallsposar av papir frå 2022**

Vedtak ( 5 røysteføre)

1. Styret vedtek å levere ut papirposar for matavfall frå 2022, til dei som ynskjer det. Papirposane kan gå inn som ein naturleg del av biogass prosessen, og erstattar posar av plast.
2. Dei som ynskjer det kan forsette med posar av plast som handlenett og liknande, men må då sjølv halde posane.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

**Sak 07-21 Tap på krav. Unnteke off.l. § 13.3.**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret vedtek tap på krav stort kr 11.237 inkl. mva, slik det går fram av saksutgreiinga.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

**Sak 08-21 Merknader til rullering av kommuneplan for Volda Kommune. Sak 19/10011.**

Vedtak ( 5 røysteføre)



Styret i VØR har slike merknader til Kommuneplan for Volda Kommune, som no er ute på høyring.

1. I samband med at kommunen opnar for utbygging av fleire områder for fritidsbustader, må kommunen og sette av areal for felles renovasjonspunkt for disse i kommuneplan og reguleringsplan, store nok til at der er høve for ulike sorteringsalternativ. Tilkomsten må vere slik at dei kan tømast med renovasjonsbil. Dette etter nærare samråd med VØR.
2. Kommunen bør i reguleringsplan stille krav om at det vert skipa sameige i nye hytteområder, som får ansvaret for brøyting av felles renovasjonspunkt.
3. Kommunen bør delegerare ansvaret for å føre tilsyn med seporate slamavskiljarar og tette slamtankar, til VØR. Likså mynde til pålegg om utbetring av einskildanlegg i tråd med gjeldande kloakkrammeplan.
4. Høyringsuttalane er relevante også for Ørsta Kommune, slik uttalen går og dit, for at ein kan innarbeide merknaden når kommuneplan for Ørsta skal rullerast.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

#### **Sak 09-21 Referatsaker**

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

Handsaminga:

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

Ørsta Kommune 05.11.2020 - melding om vedtak -auka låneramme

Volda Kommune 01.12.2020 - melding om vedtak -auka låneramme

Referat frå møte i gruppe regionalt samarbeid 09.12.2020.

Bedriftsrapport Helsekontroll arbeidshelse 20.12.2020.

Kommuneavtale plastemballasje 2021-2022.

Mail frå Årim vedk. klimarekneskap.

Brev til AT vedk. søknad om rammeløyve 25.01.2021

Tinglyst krav om samanslåing av Gbnr. Brev 27.01.2021

Referat drøftingsmøte med kommunen 27.01.2021

Registrering av VØR som særskilt brannobjekt. Vedtak motteke 28.01.2021

#### **Sak 10-21 Styret sin eigenevaluering**

Vedtak (5 røysteføre)

Styret vedtek eigenevaluering 2020 slik det kjem fram av eigenevalueringsskjema.

**Sak 11-21. Godkjenning av møtebok.**

Vedtak ( 5 røysteføre)


Styret godkjenner protokoll frå møte 02.02.21 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 02.02.21


Anne Ellingsen  
Leiar



Hallvard Bjørneset  
Nestleiar




Henriette Hafsaas



Gina Bjørdal



Ove Myklebust



Petter Bjørdal  
referent



Petter Bjørdal



# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 23.02.21 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 14.00.

Møtet slutt kl. 16.00

Desse møtte:

Anne Ellingsen

Hallvard Bjørneset

Henriette Hafsaas

Jon Helge Bjørndal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i rep.skapen.

Dagleg leiar Petter Bjørndal førte møteboka.

Anne Ellingsen leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 12 til og med 16-21.

### **Sakliste:**

#### **Sak 12-21. Dagleg leiar sin rapport.**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Dagleg leiar orienterte om innsamla mengder, leverte mengder, Covid-19, Kommunikasjonsarbeid, Raud boks innsamling, Slamtøming 2021, Off. innkjøp som må startast eller er ynskjelege å starte no, ISO 9001, kvalitetsavvik emballasje glas og metall og papir/ papp, samarbeid Årim, RIR, SSR og VØR, Nytt frå tilsynsmynde / EU, utbygginga på Melsgjerdet, status til søknaden om Løyve til å etablere Biogassanlegg.

#### **Sak 13-21 Godkjenning av avtalar mellom RSS og VØR.**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret godkjenner avtale 6 mellom RSS og VØR for 2021, slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

#### **Sak 14-21 Styret sin gjennomgang av mål og retningsliner for VØR.**

Vedtak (5 røysteføre)

Styret har gått igjennom overordna styringsdokument med mål og retningsliner, og ber om at dei følgjer med til representantskapet som del av sak om årsrapport styring og leing 2020.



Handsaminga

Styret hadde ein gjennomgang av VØR sine mål og retningslinjer, saman med dagleg leiar sin stillingsinstruks, sist revidert av representantskapet i april 2020.

Dagleg leiar presenterte styringslinja og krav til styringsdokumentasjon.

### Sak 15-21 Referatsaker

Ingen saker lagt fram som referatsaker til dette møtet.

### Sak 16-21. Godkjenning av møtebok.

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 23.02.21 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 23.02.21




Anne Ellingsen  
Leiar



Hallvard Bjørneset  
Nestleiar




Henriette Hafsaas



Jon Helge Bjørndal



Ove Myklebust



Petter Bjørndal  
referent

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 23.03.21 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 13.00.

Møtet slutt kl. 15.30

Desse møtte:

Anne Ellingsen

Hallvard Bjørneset

Henriette Hafsaas

Jon Helge Bjørndal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i representantskapen kl. 13.40.

Dagleg leiar Petter Bjørndal førte møteboka.

Anne Ellingsen leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 17 til og med 24-21. Administrasjonen fekk honnør for saksframstillingane.

### **Sakliste:**

#### **Sak 17-21. Dagleg leiar sin rapport.**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Dagleg leiar orienterte om innsamla mengder, leverte mengder, Covid-19, Kommunikasjonsarbeid, Raud boks innsamling, Slamtøming 2021, Off. innkjøp som må startast eller er ynskjelege å starte no, ISO 9001, kvalitetsavvik emballasje glas og metall og papir/ papp, samarbeid Årim, RIR, SSR og VØR, RBM 2021, Nytt frå tilsynsmynde / EU, utbygginga på Melsgjerdet, status til søknaden om Løyve til å etablere Biogassanlegg.

Stine Gytri hadde ei 30 minutt opplæring og orientering om kvalitetssystemet til VØR.

Ina Osdal Saure hadde ei 40 minutt orientering / tilbakemelding til styret, om innsamling av plast som eigen fraksjon. Organisatoriske og økonomiske konsekvensar. Styret bad om at dette vert eiga sak på møtet i juni.

#### **Sak 18-21 Resultat mot budsjett 2020**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret tar saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Sak 19-21 Melding vedkomande måloppnåing 2020.**

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet godkjenner melding vedkomande måloppnåing for 2020 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Sak: 20-21 Årsmelding 2020**

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet godkjenner årsmelding for 2020 slik den ligg føre.

Handsaminga

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Sak: 21-21 Rekneskap 2020**

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet godkjenner rekneskapen for 2020 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Sak: 22-21. Årsrapport styring og leiing**

Vedtak (5 røysteføre)

Styret sin tilråding til vedtak:

Representantskapet tek sak vedkomande Årsrapport styring og leiing, til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Sak 23-21 Referatsaker**

Vedtak ( 5 røysteføre)

